


*Veteranplan
for
Kviteseid kommune*



Grunnlaget for veteranplan

Veteranplanen til Kviteseid kommune byggjer på oppfølgingsplanen til regjeringa, og tiltaka skal vere knytt til tema som heider og anerkjenning, omsorg og oppfølging, ivaretaking av familien og utnytting av kompetanse. Planen legg til rette for å utnytte det eksisterande tilbodet i kommunen for å møte denne gruppa sine erfaringar og utfordringar.

Noreg har tradisjon for å spele ei aktiv rolle i det fredsbevarande arbeidet i verda. Dette har mellom anna si forklaring ved at Noreg er ein ettertrakta samarbeidspartnar som fredsbevarande aktør i internasjonale konflikhtar.

Sidan 1947 har 100 000 norske kvinner og menn gjort teneste i internasjonale operasjonar i over 40 land. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent og mellom anna i Tysklandsbrigaden, i Libanon, på Balkan og i Afghanistan. Det er i dag kring 80 000 veteranar i Noreg.

Situasjonen lokalt

Me har ingen samla oversikt lokalt over kor mange av våre innbyggjarar som har gjort teneste i internasjonale operasjonar, anna enn nokre namn.

Heider og anerkjenning

Kommunen vil vise respekt og anerkjenning for dei som har risikert livet og helsa si for at alle skal kunne leve trygt og sjølvstendig. Det å knyte forsvar og lokalsamfunn tettare saman er svært viktig for å kunna forstå den innsatsen veteranane våre har lagt ner.

Kviteseid kommune vil leggja opp til markeringar for veteranar på frigjeringsdagen 8.mai og på FN-dagen 24.oktober. Etter kvart som me får kartlagt kven av våre innbyggjarar som har vore i internasjonale operasjonar og deira ynskjer om å markera 8. mai og 24. oktober, eller andre dagar, vil me søkje å laga eige opplegg for markering eller delta markeringar i samband med kommunar Vest-Telemark.

Omsorg og oppfølging

- Samarbeid med ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging om å tilby gode kurs for legar og anna helsepersonell om traume, med særleg fokus på krigsopplevingar.
- Eining for psykososialt arbeid og eining for helse og omsorg skal saman med NAV tydeleggjere veteranar som ei målgruppe for medarbeidarane sine og bidra til oppdatert kompetanse om behova deira.
- Det blir laga informasjonsmateriell for veteranar som treng hjelp, og oversikt over kva som finst lokalt og korleis ein kan få kontakt.

Ivaretaking av familien

Det blir oppnemnt veterankontaktar i Kviteseid kommune som ved behov skal hjelpe til å koordinere og samordne tenester for veteranar og familiare deira.

Utnytting av kompetanse

Tilsette og andre med veteranbakgrunn kan vere ei viktig ressurs med tanke på kompetanse innanfor eksempel beredskapsarbeid eller opplæringsaktiviteter.

Strukturering av tiltak

Det skal lagast tiltak etter kvart som ein får oversikt over behov. Tiltaka må vere spesifikke, ansvar må vere fordelt og med frist for iverksetting og gjennomføring.

Nyttige kontaktar

Forsvaret har ei rekkje tilbod til veteranar og familiane deira både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomsten. Nokre tilbod og kontaktpunkt kan nyttast heile livet. Her finn ein meir informasjon:

<https://forsvaret.no/veteraner>

Forsvaret har opne dører for veteranar og veteranfamiliar:

Besøksadresse: Akershus festning, bygning 48

Veteranar og veteranfamiliar kan sende e-post til veteraner@mil.no eller ringe 800 85 000 – uavhengig av når og kvar tenesta var. Her møter du eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og rettleiing til veteranar og familiane deira. Dei fleste er og sjølv veteranar frå internasjonale operasjonar.

Tlf 800 85 000 er betent i tida kl. 08.00 – 15.00 på kvardagar.

Forsvaret si grønne linje, samarbeid med Kirkens SOS: Tlf: 800 30 445

Kontoret for psykiatri og stressmestring og Nasjonal militærmedisinske poliklinikk: Tlf: 230 97 930

Forsvaret sitt veteransenter: Tlf: 628 20 100

Besøksadresse: Bæreiavegen 588, 2208 Kongsvinger veteransenteret@mil.no

Forsvaret si helseoppfølging:

<https://forsvaret.no/tjeneste/veteraner/informasjon/helse>

Kameratstøttetelefonen Tlf: 800 48 500 3

SIOPS – Skadde i internasjonale operasjonar: www.siops.no Tlf: 226 95 650

NVIO – Norges Veteranforbund for internasjonale operasjonar Tlf: 800 48 500

NAV: Tlf: 555 53 333

Nyttige lenkjer

<https://www.forsvaret.no/veteraner/kommunalt-og-offentlig-veteranarbeid/slik-lager-du-en-veteranplan>

<https://forsvaret.no/veteraner>

<http://nvio.no/>

<http://kameratstotte.no/>

[Lister-regionens veteranplan for Flekkefjord, Sirdal, Kvinesdal, Farsund, Hægebostad og Lyngdal kommune.](#)

<https://www.forsvaret.no/veteraner/kommunalt-og-offentlig-veteranarbeid/kommunale-veteranplaner>

Veterankontaktar og forslag for å få oversikt over innbyggjarar som har vore i internasjonale oppdrag

Kviteseid kommune har ikkje har ei oversikt over kven av våre innbyggjarar som har vore i internasjonale operasjonar. Me kjenner til nokre einskilde. Difor er det fornuftig at kommunen har kontaktpersonar for dei som har vore i internasjonale operasjonar slik at dei kan ta kontakt ved behov.

Forsvarets veteranar er ikkje berre viktige ressursar for Forsvaret, dei har og mykje erfaring og kompetanse som er verdifull for samfunnet for øv rig. Dessutan har dei gjort ein viktig jobb, i teneste for Noreg. Veteranane er erfarne soldatar med praktisk erfaring frå krevjande oppdrag. Veteranane har opplevd å måtta løysa oppgåver under tidspress i komplekse situasjonar og ta stilling til vanskelege verdspørsmål. Dette er kompetanse som kan koma kommunen til nytte i forskjellige situasjonar og bør brukast om den einskilde veteran ynskjer å bli brukt.

Etter anbefaling frå Forsvaret har kommunen spurt og tek med «veteranspesifikke ressursar» som dei kommunale aktørane kan støtte seg på og som andre kan ta kontakt med. Følgjande personar er spurt og stiller seg til disposisjon:

Magne Wraa (Libanon) mobil: 915 22677

Stian Hauge (Afghanistan) mobil: 971 66755

Thormod Moi Felle (Afghanistan), tilsett i Kviteseid kommune, mobil: 923 36694

Kommunen vil nytte disse til å jobba fram ei oversikt over andre personar som har vore i internasjonale operasjonar.

For å få oversikt over og nå ut til lokale veteranar har Forsvaret følgjande forslag:

1. Kontakte lokale veteranorganisasjonar

Veteranorganisasjonane har ofte ei viss oversikt over veteranane i kommunen, og har som regel eit bredt nettverk.

2. Annonsera i sosiale media

Mange veteranar brukar sosiale media dagleg, og mange er aktive i veterangrupper på blant anna Facebook.

3. Annonsera i lokalavis

Ikkje alle veteranar er på sosiale media, så meir analoge media kan vere eit alternativ for dei litt eldre veteranane.

4. Annonsera på kommunen si heimeside

Kommunen kan be veteranar om å friviljug registrera seg, slik at kommunen opparbeider seg ei oversikt som kan nyttast ved behov.

Kommunen rådfører seg med kontaktpersonane og set i verk disse forslaga for å koma i kontakt med personar som har vore i internasjonale oppdrag, for å få oversikt.